

Litleskare Avløpsanlegg
Interimstyret, v/Thor Kåre Litleskare
Skarsvegen 709
5911 Alversund

Lindås Kommune
v/Anne Lise Molvik
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Dykkar referanse: 14/6444 – 14/23691

Dato: 26.01.2015

Merknader til brev frå Lindås Kommune av 19.12.2014 – "Førebels svar på søknad om utsleppsløyve – felles avlaupsanlegg på gnr 148 – Litleskare"

Vi har kommentert brevet dykkar punkt for punkt, og sett inn ekstra nummerering der det har vore behov for det. Vi legg derfor ved denne revisjonen i kopi, merka "A".

1. Vi vil i vedlegg gjere rede for kor mange pe kvar eigedom representerer. Dette kan og kommunen kontrollere på Folkeregisteret. (Vedlegg 1).
2. "ikkje i samsvar med gjeldande arealplan":
Søknaden er i samsvar med Lindås Kommune sitt brev av 09.07.2004, til Britt Marion Litleskare, avsnitt 1, 2 og 3, og brev til Johan Litleskare av 27.07.2004, (Vedlegg 2 og 3).

Sjå og vedlegg 4, 5 og 6.

100-metersbeltet: så vidt me veit, vert ikkje tiltak lågare enn 50 cm over bakken råka av byggeforbod innanfor 100-metersbeltet. I dette tiltaket vert alt liggjande under bakken.

3. Nabovarsel: I laget sin søknad ligg underskrifter frå alle interesserte grunneigarar, med eiga underskrift eller etter fullmakt.
4. Dette punktet hører og til endeleg teikning på kartet, når anlegget er ferdig, (Jf. Sjøkart). Der er ikkje tersklar mellom rørenden vist på kartet, og maks djupne (om lag 200 m) rett utanfor. Sjå kart frå Sjøkartverket, vedlegg 7.
- 5.1. Septiktankanlegg er i samsvar med byggjeløyve for alle bygningar som er sette opp etter 1966. Utanom to hus, har alle godkjent septiktank, og er innanfor ordinære vilkår i den kommunale slamtømmingsordninga. Vurdering av tilfredsstillande stand ligg under same kontrollregime som alle andre septiktankar i Lindås kommune. Dei to husa som ikkje har slik ordning pr. i dag, vert ikkje tilkobla anlegget før dei har godkjent utsleppsløyve. (Har i dag godkjenning for utslepp av "gråvatn"). Sjå: www.septik24.no

Eventuelle framtidige personalrom i samband med husdyrproduksjon kan koblast til over eigen slamavskiljar. Overflatevatn frå tak, terrassar og andre uteområde skal ikkje komme inn i anlegget.

- 5.2. Løyve til kryssing av Fv 404 og kommunal veg, sjå vedlegg 8 og 9.

Anlegget er å rekna som fellesanlegg frå sjø og fram til kobling for kvar slamavskiljar. Signatur frå alle grunneigarar er vedlagt søknaden.

- 5.3. Sjå vår søknad, der alle har signert.
- 5.5. Kryssing av offentlig veg, sjå punkt 5.2. med vedlegg.

Merknad til "etablering av eigen stikkledning":

Heile anlegget er felles, jf. punkt 5.2.

Merknad til "løyve over privat grunn":

Heile dette prosjektet ligg på privat grunn. Løyve til framføring av anlegget er gjort ved signatur, eigen, eller ved fullmakt. Sjå punkt 3.

5.6. Møte. Fa talele!

Sluttmerknad:


Søknaden vår vart sendt 03.09.2014. Svaret frå kommunen var oss i hende i brev av 19.12.2014. Dette finn me ikkje å vere i samsvar med god forvaltningsskikk. Normalt skulle det vere slik at dersom ein ikkje har fått svar innan fire veker, må ein i rimeleg god tru rekne med at søknaden er godkjend.

Anlegget er planlagt og søkt om etter intensjonane i brev fra Lindås Kommune til Britt Marion Litleskare, datert 09.07.2004, (vedlegg 2, punkt 1b, 2 og 3). Anlegget vert Fullført etter føreliggjande plan, og sluttdokument med detaljar. Me reknar med at Lindås Kommune syter for å klargjere søknad til Bergen Havnevesen om utslepp i sjø.

Med helsing, og von om at
draumar no kan bli til røyndom

Thor Kåre Litleskare

for interimstyret



Britt Marion Litleskare

skrivar



Lindås Rør og Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6444 - 14/23691

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2014

Førebels svar på søknad om utsleppsløype - felles avlaupsanlegg på gnr 148 - Litleskare.

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om felles avlaupsanlegg på gnr 148 Litleskare. Vi beklagar at det vert gitt sein tilbakemelding i saka. Dette har årsak i redusert kapasitet ved avdelinga.

Mottakskontroll

Kommunen har hatt ein førebels gjennomgang av søknaden og har trong for følgjande tilleggsopplysningar:

1. Utsleppet sin storleik er ikkje oppgitt, jf punkt 2 i søknaden. I tillegg til samla storleik må det gjevast opp kor mange pe kvar eigedom representerer og kva bygningar på eigedomen som skal knytast til anlegget. Dersom anlegget sin samla storleik er > 50 pe skal anlegget handsamast etter reglane i forureiningsforskrifta kap 13.
2. Tiltaket er ikkje i samsvar med gjeldande arealplan, jf punkt 3 i søknadsskjema. Tiltaket ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål med særskild omsynssone landbruk. Delar av tiltaket ligg også innanfor 100-metersbeltet langs sjø og vert råka av byggjeforbodet i pbl. § 1-8. Tiltaket treng følgjeleg dispensasjon for å kunne godkjennast. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket treng dispensasjon. Dispensasjonssøknaden vert å senda på høyring til regionale styresmakter. Høyringsfristen er 4 veker.
3. Tiltaket er ikkje nabovarsla.
4. Situasjonsplanen må visa utsleppsstad og kor langt leidningen går ut i sjø. Plasseringa av leidningen må vera slik at det vert sikra tilfredsstillande utskifting av vassmassane og at ein ikkje får oppsamling av kloakk i vågen.
5. ¹ Vi har forstått at det er planlagt fellesleidning der kvar enkelt eigedom har slamavskiljar på eigen grunn. Det må gjerast greie for kva anlegg den enkelte eigedom har i dag, om slamtømming er mogleg innanfor ordinære vilkår i den kommunale slamtømmeordninga, og om slamavskiljaren som eigedomen har, er i tilfredsstillande stand etter dagens krav. Dersom det samla utsleppet er > 50 pe vert det sett krav om felles slamavskiljar.

5.2 Vi gjer elles merksam på etablering at tiltaket også krev løyve etter plan- og bygningslova § 20-1. Det må sendast inn eigen søknad for etablering av fellesleidningen med naudsynt dokumentasjon som lengde- og tverrsnitt av leidningen, erklæring med løyve frå grunneigarane til å leggja fellesleidningen over privat eigedom og løyve til å kryssa fylkesveg 404 og den kommunale vegen.

5.3 Både utsleppet, søknaden om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 og søknad om dispensasjon må nabovarlast. Dette kan gjerast felles. Vi gjer merksam på at fristen for merknader er 4 veker i forhold til forureiningsforskrifta.

5.4 Etablering av leidning ut i sjø krev løyve frå Bergen og Omland Havnevesen (BOH) etter hamnelova. Naudsynt løyve må liggja føre før anlegget kan etablerast.

5.5 Dersom utsleppsløyve er gitt og etablering av leidningen godkjend etter reglane i plan- og bygningslova, må kvar enkelt eigedom som skal på fellesanlegget søkja om etablering av eigen stikkleidning etter reglane i plan- og bygningslova. Det må leggjast ved søknadane ei erklæring med løyve til å leggja leidning over privat grunn der dette er aktuelt. Dersom privat stikkleidning kryssar offentleg veg må det også hentast inn løyve frå vegstyresmakta.

Meir informasjon om søknader om utsleppsløyve finn ein på www.miljokommune.no.

5.6 Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller ønskjer eit møte om saka.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Rør og Sanitær AS
Litleskare Avløpsanlegg

Burkhovdane 1 5914
Interimstyret v/
Thor Litleskare 5911

ISDALSTØ
ALVERSUND

VEDLEGG

- 1: liste over bn og pe.
- 2: brev frå Lindås Kommune, datert 09.07.2004, arkivkode 148015
- 3: brev frå Lindås Kommune, datert 27.07.2004, arkivkode 148002
- 4: brev frå Lindås Kommune, datert 13.04.2009, arkivkode 148/20, til
Arkitekt Odd Sørhus.
- 5: brev frå Lindås Kommune, datert 20.10.2011, arkivkode 148/20
- 6: brev frå Britt M. Litleskare, datert 04.11.2011
- 7: Vedr. punkt 4 – "sjøkabel" – kart: "rør i sjø"
- 8: Nortrans, faktura for kostnader ved søknad om løyve til kryssing
av Fv 404, datert 25.06.2010
- 9: søknad om kryssing av kommunal veg, og godkjenning av denne
Søknaden, godkjenning datert 21.05.2014.

Litleskare Avløpsanlegg, 26.01.2015.

Vedlegg 1 - pe pr. husstand - alle desse har adresse Skarsvegen

Bnr	eigar	vegnr.	antall pe
1 og 4	Joh. Litleskare	640	5
2	S. Kvamme (fritidsbustad)	678	
3	Krist. Lilleskare	679	1
7a	Bjørn Ove Lilleskare	654	2
7b	Jim Børge Lilleskare	657	5
8a	Johan Litleskare	686	2
8b	Randi Litleskare	684	1
9	Thor og Gro Litleskare	709	2
10	fritidsbustad, sjå vårt svar, p.5:1	662	
15	Ola Moen	711	3
20	Britt Litleskare	715	2
21	Alfred Lilleskare		
	sjå vårt svar, p.5:1, siste ledd	656	2
33	Odd Litleskare	?	4
35	Bergljot Litleskare	672	1
40	Arild Olsen		3

Gj.sn. Pe; 2,3, svært likt gj.sn.for husstandar i Norge, jmf. Ssb.

Litleskare Avløpsanlegg, 26.01.2015



VEDL. 2.

Ola Moen, Hilland, 5911 Alversund
Britt M. Litleskare, Søndre Skogvei 117 A, 5073 Bergen

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:
04/01218-5 Knut Bjørnevoll 56 35 66 16 148/015 09.07.04

OM ALTERNATIV KLOAKKLØYSING

1 A De har fått godkjent utsleppsløyve for minireinseanlegg for Dykkar eigedommar.
2 B Vi vil gjera Dykk merksam på at det finst ei alternativ løysing, som kan verta rimelegare og
3 gje miljøgevinst for området: Felles leidning for eit visst område, med utslepp til sjø på djupt vatn.

2 I samband med nytt bustadprosjekt under regulering i Skarsvågen, har det komme opp framlegg at nokon bør sjå på ei sanering av eksisterande kloakkanlegg i området ved Skarsvågen, gjerne i kombinasjon med utbetring av den kommunale vegen.

3 Dersom det vert teke privat initiativ til kloakksanering i området, finst det midlar til kommunalt tilskot. Kommunen kan ikkje ta på seg planlegging og utbygging, men vi kan hjelpe til med råd og rettleiing når det vert sett i gang eit privat prosjekt, og gje tilskot etter søknad.

For nærare opplysningar om tilskotsordninga og framgangsmåte, kontakt VA- avdelinga; Arne Eikefet eller John Bauge.

Med helsing

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar



VEDLEGG, 3

Johan V. Litleskare
Litleskare
5911 ALVERSUND

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:
04/01778-3 Knut Bjørnevoll 56 35 66 16 148/002 27.07.04

UTSLEPP AV KLOAKK I BEKK VED SKARSVÅGEN

Viser til tidlegare kontakt med oppsitjarar langs vegen til Skarsvågen, om akutt forureining ved/i bekken på siste stykket ned mot sjøen.

Etter undersøkingar i området har vi ikkje greidd å lokalisera kjelda til utsleppet. Vi har komme til at det truleg er nokon som har gjort eit mislykka forsøk på å tømme ein behaldar i ned i bekken (bubil, campingvogn, kaggedo ?)

Vi reknar med at naturen og det fine sommarveret no etter kvart har fjerna det meste av spor etter utsleppet.

Dersom nokon har opplysningar om kva som har skjedd, eller om noko liknande skulle skje igjen, ta kontakt med kommunen straks.

Elles håpar vi på at det kan komma eit privat initiativ til å få laga eit felles kloakkanlegg for området, og at huseigarane sluttar opp om det, før kommunen går inn og krev sanering av mangelfulle anlegg.

for

Lars Johan Haukås
avdelingssjef

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Adresseliste

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus	56356500	56356501	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 025 004 722



LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

VEDL. 4.

Fortunen AS v/Odd Sørhus

Torgalm. 7
5014 Bergen

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar - tlf.	Arkivkode	Dato
	2006/3737 - 7895/2009	Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24	148/20	13.04.2009

**Vedk. ferdigattest for bustad og garasje -
Britt Litleskare - gbnr 148/20 - Litleskare**

Vi kan ikkje skriva ut ferdigattest eller mellombels bruksløyve, fordi avløpsanlegget ikkje er tilstrekkeleg dokumentert.

Det er gitt utsleppsløyve for minreinseanlegg for denne eigedommen, men det er også høve til å velja ei alternativ løysing: Slamavskiljar og felles leidning til sjø. Men vi kan ikkje sjå at det har komme inn søknad om fellesanlegg.

Med helsing

Tor Hegle (s)
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll
Knut Bjørnevoll

Kopi til:

Lindås Rør & Sanitær AS Burkhovdane 1 5914 Isdalstø
Britt Litleskare Øvre Litleskare 5911 Alversund
VVA – teknisk drift

Postadresse:	Besaksadresse:	Telefon:	56 37 50 00	Bankkonto:	6501.06.91790
Kvernhusmyrane 20	Kvernhusmyrane 41	Telefaks:	56 37 50 01	Organisasjonsnr:	935 084 733
5914 Isdalstø	Rådhuset, Knarvik				

E-post: postmottak@lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE

VEDL. 5.

Teknisk drift
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Britt Marion Litleskare

Skarsvegen 715
5911 ALVERSUND

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Kari Elisabeth Iø

Vår ref. Telefon
2006/3737 - 0 - 56 37 56 77
25739/2011

Arkivkode: Dato:
148/20 20.10.2011

**Vedk. utføring av felles avløpsanlegg for gbnr.148/9 - 148/15 og 148/20-
Litleskare.**

Vi ynskjer tilbakemelding på om det felles avløpsanlegget er ferdig utført.

Ver venleg å ta kontakt med oss innan 01.11.11.

Med helsing

for

Arne Eikefet
einingsleiar teknisk drift

Kari Elisabeth Iø

Kari Elisabeth Iø
saksbehandler

VEDLEGG 6.

Britt Marion Litleskare
Skarsvegen 715

5911 Alversund

04.11.2011

Lindås Kommune
v/Kari Elisabeth Iø
Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

Dykkar ref. 2006/3737 - 0 - 25739/2011.

**Vedk. utføring av felles avløpsanlegg for gbnr. 148/9 – 148/15 og 148/20-
Litleskare.**

Det felles avløpsanlegget er ikkje ferdig utført.

Thor Kåre Litleskare har snakka med Knut Bjørnevoll om saka etter at eg mottok brevet frå kommunen.


Vi er i gang med planlegging, og har førebels lagt rør under hovudveg. Det vil ikkje bli utført meir gravearbeid før til våren.

Med helsing

Britt Marion Litleskare

Kopi: Knut Bjørnevoll

VEDLEGG nr. 7



VEDL. 8.

19113

ARBEIDSSSEDDEL Nr. 104587

NORTRANS

Kunde: Björn Ove Lillestam
 Adresse: 5811 Alverånd
 Eigar: Sune Lillestam Maskin/bil: Kobelco 135 SR
 Prosjekt/opdrag: Kryssing vei (KLOARK - OLEV)

Kvassnesv. 33 - 5914 Isdalstø
 Tlf. 56 35 64 40 - fax 56 35 64 50
 Døgnvakt: 918 52 424

KRYSSING AV FYLKESVEG 404.

Dato	Prosjekt / oppdrag	Mask. timer	Arb. timer	Diverse
25/6 10	Tillegging: Transport av sag - Hoppetasse - Pigge - skilt.		2	a Kr 450
"	Graving 24 00 - 15 00	3		-u 650
"	Arann manuelt arbeid			
"	Kompimering - Gufftarbeid		3	-u 450
"	Rostvader med skvad på blye - skiltplan		2	-u 450

Førar: _____ Att. frå kunden: _____

VEDL. 9.

Søknad om løyve til graving i offentlig veg

Vedlegg 2.1

Etter vedtektene i Veglova §§ 32 og 57 og forskrifter om varsling av arbeid på offentlig veg vert det hermed søkt om løyve til:

- Legging
- Utskifting
- Reparasjon
- Luftspenn

Veg nr.: _____ Hp.: _____ Km.: _____ - _____

Arbeidsstad: LITLESKARE (SKARSUÖG)

Arbeida gjeld:

- Vassleidning
- Telekabel
- Avløpsleidning
- Anna: _____
- El-kabel
- Gassleidning
- TV-kabel

Noverande dekke:

- Asfalt
- Brostein
- Grus
- Anna: _____

Frå eigedom Gnr.: _____ bnr.: _____ slik det er vist på vedlagde kart / skisse i målestokk 1: 1000

Arbeidskildring: KRYSSING AV VEG FOR LEGGING AV AVLØPSLEDNING

Arbeidet er ønska oppstarta: SNAREST og venta avslutta: SNAREST

Talet på kryssingar: 3 stk. Boring: ja, ved km: _____ nei

Lengde på luftspenn/grøft langs veg: _____ m frå km: _____ til km: _____

Som eigar av og oppdragsgjevar/byggherre for anlegget tek eg på meg det ansvaret som "Retningslinjer for graving i offentlig veg - NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013" pålegg meg og garanterer for ferdigstilling av anlegget utan kostnad for veghalder. Eg godtek dei vilkår for løyvet som går fram av nemnde retningslinjer.

Oppdragsgjevar/byggherre: THOR LITLESKARE

Adresse: SKARSUÖGEN

Kontaktperson hos oppdragsgjevar/byggherre: THOR LITLESKARE Tlf.: _____

Dato: 2015-14 Underskrift: Thor Litleskare

Som entreprenør er eg kjend med dei plikter som gjeld for undersøking på gravesaden. Det er sett kryss for dei type anlegg som finst på staden:

- El-kabel
- Vassleidning
- Signalkabel
- Kulturminne
- Telekabel
- Avløpsleidning
- Polygonpunkt
- Gass
- TV-kabel
- Gassleidning
- Grøntanlegg
- Anna: _____

Nødvendige opplysningar og direktiv om anlegga er innhenta og varsel om graving er gitt. (kryss av)

Arbeida skal utførast etter "Retningslinjer for graving i offentlig veg - NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013" og etter tilvisning av vedrørte partar. Eg godtar dei plikter som arbeid i offentlig veg medfører eller nemnde retningslinjer. Godkjend plan for arbeidsvarsling vil liggja føre før arbeidet vert sett i gong. Eg har gyldig ansvarsforsikring i følge retningslinjene pkt. 1.6 og 1.7 ja nei (kryss av)

Entreprenør: SVEIN LITLESKARE MASKINSTASJON AS

Adresse: SKARSUÖGEN 617 5911 ALVERSUND

Kontaktperson hos entreprenør: SVEIN LITLESKARE

Dato: 2015-14 Underskrift: Svein Litleskare Tlf.: 915 76631

Spesielle vilkår, evt sjå baksida: _____

- Graveløyve gitt
- Graveløyve avslått

Lars 1995 / Tveit
Kommune / Eining

den 21.5 2014

[Signature]
Underskrift

